

## Arkitektur påverkar

Helseeffektar av arkitektur og design kan målast gjennom kontrollerte forsøk. For å få meir kunnskap om samanhengen mellom helse og omgivnader har Norsk Form gjeve Kunnskapssenteret i oppgåve å kartlegga eksisterande forsking under temaet arkitektur og design. Dei fann 10 systematiske oversikter og 65 kontrollerte studier, og desse omhandla pasientar ved sjukehus, sjukeheimar eller andre institusjonar, utformingstiltak som lysseetting og bruk av fargar, effekt på helsa målt i talet på liggedøgn, bruk av smertestillande middel, grad av stress, og måling av søvnkvalitet eller livskvalitet.

– Kartlegginga viser at det finst mykje dokumentasjon på samanhengen mellom helse og arkitektur og design. Det er interessant, fordi dette er eit område som tidlegare har vore prega av erfaring og teori. Kartlegginga gjev dermed rom for andre forskingsoppdrag der ein kan gå meir spesifikt til verks for å måla omgivnadene sin effekt på helsa, kommenterer prosjektleiar Karianne Hammerstrøm ved Kunnskapssenteret.